

Årsmelding for Time historielag 2023

Time historielag er ein frivillig organisasjon med medlemmer som har interesse av å finna fram og ta vare på lokalhistorie knytt til Time kommune.

Laget har ein avtale med Time kommune om det praktiske ansvaret for drifta av Time bygdemuseum, og får ein årleg økonomisk kompensasjon frå kommunen for dette arbeidet. Museet er lokalisert i 2. og 3. etasje i Undheim samfunnshus.

Styret i 2023:

Leiar: Tarald Oma

Nestleiar: Bjørn Bekkeheien

Kasserar: Ingvar Reime

Skrivar: Karen Time

Styremedlem: Eli Undheim

Varamedlemmer: Vidar Undheim, Marit Osland, Arna Aune

Valnemnd:

Jostein Stokka, Steinar Garborg og Dorteia Haugland.

Revisorar: Omund Norheim og Inge Haugland.

Boknemnda: Tom Hetland (redaktør), Anne Berit Hatlem, Åsmund Norheim, Aud Søyland Kristensen og Tarald Oma.

Styreaktivitet:

- Styret har i meldingsåret hatt 8 styremøte, og handsama 90 saker.
- Årsmøtet i Rogaland historielag på Kvitsøy 25.03.23, utsendingar: Tarald Oma, Bjørn Bekkeheien, Vidar Undheim, Marit Osland, Arna Aune.
- Rådsmøte i Rogaland Historielag 24.10.23 i Stavanger, utsendingar: Tarald Oma (hadde innleiing på møtet) og Ingvar Reime.
- Tarald Oma og Ingvar Reime møtte for historielaget på arbeidsmøte hjå Time kommune 01.06, tema var ny kulturminneplan.
- Styremedlemmer har i 2023 hatt vakt når Time bygdemuseum er oppe ved arrangement på Undheim samfunnshus, både ved sundagsmiddagsservering og andre høve.
- Historielaget samarbeider med Garborgsenteret og Time kommune om å trekkja bygdemuseet inn i grunnskuleundervisninga. Det har ikkje lukkast å få dette i gang på ein organisert måte i 2023, initiativet ligg nå hjå skuleadministrasjonen i kommunen. Lærarar og elevar i 7. klasse på Undheim skule tok på eige initiativ kontakt med historielaget, og vitja bygdemuseet ein skuledag våren 2023. Tarald Oma og Vidar Undheim var museumsvertar.
- Styret laga i april eit nydeleg songhefte med 21 songar og dikt av Arne Garborg. Heftet var eit samarbeidsprosjekt mellom Tora Aasland, Dorteia Haugland og Herborg Kverneland. Skrivearbeid v/ Karen Time, og trykking hos Jærprint. Heftet er til sals og vert nytta ved allsong på møte og andre arrangement i historielaget.

- Referat og foto frå møta i laget vert sende til Jærbladet, og historielaget når slik ut til lesarar både på Jæren og i andre landsdelar.

Møte og aktivitetar i Time historielag i 2023:

Møta vert haldne på Undheim samfunnshus, og er svært godt besøkte, rekord på julemøtet med ca. 170 pers.

11.01: Møte med føredrag «Frivillig arbeid sin betydning for samfunnet» v/ Tora Aasland.

08.02: Årsmøte. Fotoføredrag v/ Tønnes Kverneland, «Frå smia til bedrift»

21.03: Møte i Bryne kyrkje i samarbeid med Bryne kyrkjelyd med tema «Fred i vår tid». Føredrag v/ Trond Bakkevig, og kåseri/refleksjon ved sokneprest Stein Ødegård.

12.04: Møte med tema «Herborg og Veslemøy i ord og bilete» v/ Herborg Kverneland. «Arne Garborg i ord og tonar»: Ord v/ Tora Aasland og Tarald Oma, og alle allsongane denne kvelden hadde tekst av Arne Garborg.

10. 05: Møte med tema «jærmålet», med føredrag v/ prof. Jan Kristian Hognestad ved UiS, og kåseri v/ Torleif Hodne.

22.-27.05: 38 personar på busstur «I Arne Garborg sine fotspor» til Holt, Asker og Alvdal/Kolbotn, med fagleg reiseleiing ved Tarald Oma og Tora Aasland, ein sær sars vellukka tur på alle måtar. Turen, og særleg det å vitja Kolbotn, gav oss ny kunnskap og innsikt i Arne Garborg sitt liv. Referat og foto frå turen vår vart presentert over 4 avissider i Jærbladet seinare på sommaren.

17.06: Historisk dag på Undheim, m.a. med gamle køyretøy, smørkinning, demonstrasjon av gamle landbruksreiskapar og opptog. Samarbeid med Gammelbilens venner, Gammeltraktorens venner, Jærmuseet og bygdekvinnelaget.

17.08: Sumarvandring på Raunefjell, Reier Carlsen var med og fortalde om plassen og planane for staden.

27.08: Konsert i Smiehagen på Undheim, Jorunn Undheim med songar av Arne Garborg, og andre songar.

05.09: Møte med føredrag om Hulda Garborg v/ Tora Aasland. Visning av filmen «Kornet - vårt daglege brød», v/ Leif Tafjord og historielaget.

07.09: Besøk frå Bjerkreim historielag: Visning av Time historielag sine filmar om torvskjering og om kornet, v/ Pål Undheim. Kaffipause og omvisning i Time bygdemuseum v/ Tarald Oma.

03.10: Møte med tema «Dei gamle jærslåttane - på spor etter ein forsvunnen musikktradisjon», v/ Bjørn Sverre Kristensen og Tove Solheim.

08.11: Møte med lansering av Årboka 2023, den 11. i rekka. Nytt i år var eige hefte med innhaldsregister over samtlege artiklar i alle årbøker frå den første årboka kom i 2013.

06.12: Julemøte med føredrag om Jan Adolph Budde v/ tidlegare biskop Ernst Baasland. Leif Tafjord og Time historielag sin nye film om bruk av smalaføter vart vist.

I 2023 har Time historielag og Leif Tafjord laga to nye filmar: «Kornet - vårt daglege brød», og «Smalaføde, til jul og fest». Slik dokumentasjon er sær sars viktig, både for å ta vare på kunnskap om lokale tradisjonar , og for å skapa interesse og engasjement for jærsk lokalhistorie i nåtida.

Medlemmer:

Ved utgangen av 2023 hadde Time historielag 194 betalande medlemmer.

Æresmedlemmer i laget er Torstein Tunheim, Signy Gro Sæland og Einar Sæland. Einar døydde 08.11.23, han ville fylt 99 år på nyåret i 2024.

Økonomi:

Økonomien i laget er stabil og god.

Historielaget har lagerbeholdning med artiklar for sal både av laget sine T-skjorter, tidlegare årbøker og enkelte andre bøker. Laget har og for sal minnepinnar som kvar inneheld både dei 3 filmene om torvskjering, kornet og smalaføte, og foto frå turen «I Arne Garborg sine fotspor».

Lagerbeholdningen av artiklar for sal vert ikkje teken med i rekneskapen.

Bryne, 18. januar 2024,

styret i Time historielag:

Tarald Oma

Bjørn Bekkeheien

Ingvar Reime

Karen Time

Eli Undheim

Arna Aune

Vidar Undheim

Marit Osland